

Møteinnkalling

| | |
|-------------------|--|
| Utval: | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen |
| Møtestad: | Klingenberg Hotel, Årdalstangen |
| Dato: | 07.09 - 08.09.2020 |
| Tidspunkt: | 10:00 - 12:00 |

Eventuelt fråfall må meldast snarast til telefon 90724490 eller e-post fmsfene@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Av ulike årsaker, m.a. omsyn til Covid 19, vert styremøtet lagt til Klingenberg Hotel, Årdalstangen.

Møtestart vert som først oppsett, då nokon av medlemmane kjem tilreisande den 8. september.

Program måndag 7. september og tysdag 8. september

| | |
|--|--|
| <u>Måndag 7. september</u> | |
| Frammøte Klingenberg Hotel, Årdalstangen | |
| 10:45 - 11:00 | Velkomst med kaffi/te og frukt |
| 11:00 – 11:15 | Velkommen til nasjonalparkkommunen Årdal! Hilmar Høl, ordførar og medlem i nasjonalparkstyret |
| 11:15 - 13:15 | Gjennomgang av året som har gått 2019 - 2020 - Kort status frå nasjonalparkforvaltarane - Presentasjon frå Rigmor Solem, SNO |
| 13:15 – 14:00 | Lunsj |
| 14:00 - 14:45 | Presentasjon av rapporten om "Bruk og brukere i Jotunheimen 1992 - 1919 v/Marit Vorkinn |
| 14:45 - 16:15 | Oppsummering av året som har gått - DNT Oslo og Omegn - Norsk Fjellsenter - Utladalen Naturhus - Andre |
| 16:15 | Noko å bite i. Synfaring til Naturhuset i Utladalen. Transport må skje med eigen bil i desse tider. |
| 20:00 | Middag på Klingenberg Hotel |

| | |
|----------------------------|---|
| Tysdag 9. september | |
| | Frukost |
| 10:00 | Styremøte Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Klingenberg Hotel |
| 12:00 | Lunsj |

Sakliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|--|-------|------------------|
| ST 28/2020 | Godkjenning av protokoll/innkalling | | |
| ST 29/2020 | Referatsaker | | |
| RS | Oppfølging - behov for styrket naturoppsyn i store verneområder og nasjonalparker - sommeren 2020 | | 2020/5905 |
| RS | Høring - fornyelse av løyve - rutebåt på Gjende - Gjendebåten AS v/ Harald Rune Øvstedal | | 2019/18641 |
| RS | Jotunheimen NP - 2020 - Spørsmål om forholdet til verneforskriftene - Norge på tvers med 20 hunder - Simen Bækken | | 2020/8855 |
| RS | Jotunheimen nasjonalpark - Pågående ryddesak ved Memurubu - Status og oppfølging | | 2019/5429 |
| RS | Uttalelse - Bruk av drone for musikkvideo Alan Walker - Galdhøpiggen | | 2020/6183 |
| ST 30/2020 | Delegerte vedtak | | |
| 14/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av person i rullestol til Glitterheim | X | 2020/7065 |
| 15/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - innsamling av lav - Gjendesheim - Memurubu - Gjendebu - Spiterstulen - Glitterheim - inkludert Galdhøpiggen - Markus Fjelde | | 2020/7003 |
| 16/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av pensjonistgruppe til Glitterheim - Ole Vole | | 2020/7736 |
| 17/2020 | Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Redde brua over Uradøla - DNT Oslo og Omegn | | 2020/7291 |
| 18/2020 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av familiemedlemmer til Glitterheim samordna med varetransport - Waldemar Blumer | | 2020/7393 |
| 19/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av bru over Blåtjønnåe - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn | | 2020/7638 |
| 20/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drone - 2020-2022 - Innsamling av brennkeologiske funn - Innlandet fylkeskommune | | 2020/7407 |

| | | | |
|------------|--|---|------------|
| 21/2020 | Søknad - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - Utplassering av materiell for kartlegging av lav - Sogn Naturforvaltning AS | | 2020/9182 |
| 22/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Kjøring til Glitterheim for befaring - Kleppconsult på vegne av DNT Oslo og Omegn | | 2020/8689 |
| 23/2020 | Delegert vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - transport av settefisk og utstyr til hytter - Årdal JFF v/ Vidar Moen | | 2020/8597 |
| 24/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av gjester til og frå konfirmasjonsselskap - Glitterheim - Knut og Tone Vole | | 2020/8854 |
| 25/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - etablering av relestasjon for tilrettelegging av bredbånd til Glitterheim - DNT Oslo og Omegn | | 2020/8724 |
| 26/2020 | Delegert vedtak - transport av klubbmedlem til og frå Glitterheim Turisthytte | X | 2020/8625 |
| ST 31/2020 | Utladalen LVO - Dispensasjon - 2020 - Sjølvbeteningshytte Vettismorkji - Førrebels vurdering - DNT Oslo og Omegn | | 2020/9121 |
| ST 32/2020 | Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Filming med drone på Vettismorki - Fabelaktiv AS | | 2020/9273 |
| ST 33/2020 | Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Oppsetting av skilt og merking av tursti - Årdal Turlag | | 2020/9030 |
| ST 34/2020 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2020 - Status og omprioritering | | 2019/19735 |
| ST 35/2020 | Eventuelt | | |

ST 28/2020 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 29/2020 Referatsaker

Oppfølging - behov for styrket naturoppsyn i store verneområder og nasjonalparker - sommeren 2020 2020/5905

Høring - fornyelse av løyve - rutebåt på Gjende - Gjendebåten AS v/ Harald Rune Øvstedal 2019/18641

Jotunheimen NP - 2020 - Spørsmål om forholdet til verneforskriftene - Norge på tvers med 20 hunder - Simen Bækken 2020/8855

Jotunheimen nasjonalpark - Pågående ryddesak ved Memurubu - Status og oppfølging 2019/5429

Uttalelse - Bruk av drone for musikkvideo Alan Walker - Galdhøpiggen 2020/6183

ST 30/2020 Delegerede vedtak

14/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av person i rullestol til Glitterheim 2020/7065

15/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - innsamling av lav - Gjendesheim - Memurubu - Gjendebu - Spiterstulen - Glitterheim - inkludert Galdhøpiggen - Markus Fjelde 2020/7003

16/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av pensjonistgruppe til Glitterheim - Ole Vole 2020/7736

17/2020 Delegerede vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Redde brua over Uradøla - DNT Oslo og Omegn 2020/7291

18/2020 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av familiemedlemmer til Glitterheim samordna med varetransport - Waldemar Blumer 2020/7393

19/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - Reparasjon av bru over Blåtjønnåe - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn 2020/7638

20/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drone - 2020-2022 - Innsamling av brearkeologiske funn - Innlandet fylkeskommune 2020/7407

21/2020 Søknad - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - Utplassering av materiell for kartlegging av lav - Sogn Naturforvaltning AS 2020/9182

22/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Kjøring til Glitterheim for befarings - Kleppconsult på vegne av DNT Oslo og Omegn 2020/8689

23/2020 Delegerede vedtak - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Helikopter - transport av settefisk og utstyr til hytter - Årdal JFF v/ Vidar Moen 2020/8597

24/2020 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av gjester til og frå konfirmasjonsselskap - Glitterheim - Knut og Tone Vole 2020/8854

25/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - etablering av relestasjon for tilrettelegging av bredbånd til Glitterheim - DNT Oslo og Omegn 2020/8724

26/2020 Delegert vedtak - transport av klubbmedlem til og fra Glitterheim Turisthytte 2020/8625

| | | | | | |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2020/9121-2 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 21.08.2020 |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 31/2020 | 08.09.2020 |

Utladalen LVO - Dispensasjon - 2020 - Sjølvbeteningshytte Vettismorkji - Førebels vurdering - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret ser at etappen mellom Hjelle og Skogadalsbøen vil vera svært lang og krevjande for mange av dei som ønskjer Årdal som eit utgangspunkt eller slutt punkt på ei vandring langs rutenettet i Jotunheimen/Utladalen. Omdisponering og istandsetting av Storeselet kan verta ei god erstatning for Ingjerdbu, og nasjonalparkstyret stiller seg positive til at DNT Oslo og Omegn går vidare med planane som er skissert i notatet av 20.08.2020. Bruk av Storeselet blir vurdert å vera i tråd med verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a) og k).

Gjennom istandsetting og bruk av eksisterande bygningsmasse kan tilrettelegginga bidra til å oppretthalde det særprega bygningsmiljøet i kulturlandskapet på Vettismorkji. Når det gjeld val av uthusløyising, vil styret tilrå at kulturarveininga i Vestland fylkeskommune kjem med innspel før ein går vidare med ei av desse løyisingane, i medhald av § 3 pkt. 1.3 b):

- Nybygg med gjenbruk av den gamle fjøstomta med storleik ca 8 m x 4,5 m (36 m²), der det i tillegg til utedo og vedlager også blir tilrettelagt med hunderom/sikringsbu.
- Nybygg på ca. 12-15 m² som inneheld utedo og vedlager.

Nasjonalparkstyret vil ikkje tilrå særskild tilrettelegging for telting, da dette ikkje vil vera heimla i forskrifta. Teltplass vil vera eit framandelement i kulturlandskapet, og det kan lett oppstå forsøpling dersom ein inviterer til slik bruk ved ei sjølvbeteningshytte utan fast tilsyn. Det vil likevel ikkje vera noko hinder for at registrerte gjester på sjølvbeteningshytta kan slå opp telt i enkelte høve når det er fullt inne i hytta. For å ivareta ønsket til Vetti-familien, kan det informerast/skiltast om at telting i tråd med allemannsretten krev avstand til bebudd hus/hytte på minst 150 m.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Notat av 20.08.2020 til Nasjonalparkstyret frå DNT Oslo og Omegn v/ Jan Erik Reiten (Vedlegg til saka)
- Mailutveksling mellom forvaltar og Jan Erik Reiten 21.08.20

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn v/ Jan Erik Reiten har kome med slik innspel for ei førebels drøfting:

«Mulig etablering av selvbjetjeningshytta på Vettismorkji

På Vettismorkji var det et privat tilbud om overnatting på Ingjerdbu fram til og 2017. Da ble tilbudet lagt ned og hytta brukes nå privat etter noe vedlikehold. Dette tilbudet var attraktivt for mange som gikk i Utladalen fordi det delte opp turen til og fra Skogadalsbøen. Grunneierne har nå tilbudt DNT Oslo og Omegn å sette i stand og leie «Storeselet» for å etablere et overnattingstilbud på Vettismorkji. Dette notatet er først og fremst en informasjon til

Nasjonalparkstyret, men vi tar gjerne tilbakemeldinger på planene hvis det synspunkter på planene våre.

Status og videre planer:

- Vi har fått tilbud om å leie Storeselet (se bilder lenger ned) etter en befaring 27 -28. august. Det er ikke inngått en formell avtale og det avventes til spørsmål om evt tillatelser mv er avklart.
- Storeselet har mulighet til å etablere 8 – 10 sengeplasser.
- Storeselet har behov for vedlikehold som DNT Oslo og Omegn må utføre før det tas i bruk. Vi må bla å jekke opp et hjørne, bytte vinduer, inngangsdøra er dårlig, jord langs veggene må fjernes, ovnen må byttes og pipa sjekkes.
- Det bør bygges nytt uthus med do siden dette selet ikke har eget uthus. Det kan enten bygges nytt uthus som ligner på et eksisterende eller det kan settes opp et bygg som erstatter et tidligere fjøs. (se vedlagt gammelt bilde). Uthuset øst for Storeselet er ca. 4,20 m x 3 m. Det har to rom – do og uthus. Tuftene fra det gamle fjøset viser at fjøset var ca. 8 m x 4,50 m. Det er nesten bare hjørnesteiner igjen, men tomta vises godt og den er registrert i offentlig eiendomsinformasjon (se vedlagte bilde). En fordel med «nytt fjøs» er at det evt gir rom for et sikringsrom / hunderom. Dette hører inn under Vestland Fylkeskommune og vi har kontaktet dem for å få råd om hvordan vi arbeider videre med uthuset.
- Vettismorkji har en lang historie og DNT Oslo og Omegn ønsker bidra til å utarbeide informasjon om historien som kan presenteres på hytta.
- DNT Oslo og Omegn tar sikte på å planlegge nødvendig oppgradering og evt uthus i løpet a høsten. Søknader til Nasjonalparkstyret mv er planlagt sendt inn høsten 2020.

Grunneierne har bedt om at vi drøfter mulighetene for en tilrettelagt teltplass et sted på Vettismorkji. Telterne er velkomne men er noen ganger litt «nærgående» og det er ikke tilrettelagt do mv. Dette er et tema vi gjerne drøfter med dere, men evt tilrettelegging vil skje uavhengig av etablering av et DNT overnattingstilbud.

Notatet er som nevnt mest til informasjon, men vi tar gjerne tilbakemeldinger hvis det er spesielle ting dere ønsker at vi skal avklare eller ta hensyn til.»



Storeselet

Notatet er illustrert med bilete av dei omtala bygningane – sjå vedlegget

På spørsmål om konkretisering av punktet om tilrettelegging for telting, fekk vi dette svaret:

«Det er mest en videreformidling av et innspill fra grunneierne. Jeg tror ikke de så for seg så mye mer enn benker og evt en do, og foreløpig tror det kan stilles i bero. De ønsker nok å trekke telterne ned mot selet vi kan leie, så det er mulig at et uthus med do for selvbetjeningen rett og slett løser det hele.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert pr. 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14 set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet:

«§ 3. Vernereglar

I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernområder er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturisme, jakt og fiske, undervisning og forskning.

1. Landskapet

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskinar og liknande, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, riving av bygningar som pregar landskapet sitt særpreg og karakter, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

I medhald av § 3 pkt. 1.3 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til (relevante heimlar for denne saka er merka med gult):

- a) «Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.
- b) Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.
- c) Gjenoppføring av bygningar, anlegg, steinmurar og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- d) –
- e) –
- f) –
- g) –
- h) –
- i) –
- j) Oppføring av ei hytte på Vettismorki, tilhøyrande Vetti gard, jf. Kongelig resolusjon 05.12.1980
- k) Istandsetting av seterhus i samsvar med forvaltningsplan.


Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Forvaltningsplan (utkast frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument)

Kap. 3.3. 6 om bruken av verneområda gjev oversikt på turisthyttene i verneområda:

«Inne i nasjonalparken er det i dag fire betjente turisthytter. Tre av desse (Glitterheim og Gjendebu og Fannaråken (enkel betjent)) tilhøyrer Den Norske Turistforening (DNT) og ei er privat (Memurubu). Vidare har DNT ei sjølvbetjent hytte (Olavsbu) i nasjonalparken. Skagastølsbu som tidlegare var ubetjent hytte, er sett i stand og fungerer no som naudbu. I landskapsvernområdet er det tre betjente turisthytter (Skogadalsbøen (DNT), Vettismorki (privat) og Avdalen (Årdal Turlag)) og 4 ubetjente hytter, som alle er låst med DNT sin universalnøkkel (Ingjerdbu på Vettismorki, Gravidalen Seter, Stølsmaradalen og Vormeli). Samla har dei betjente og sjølvbetjente hyttene omlag 600 senger. Det er i dag DNT Oslo og omegn, den største lokalforeininga i DNT, som driv turisthytter, aktivitet og har ansvaret for rutenettet i Jotunheimen. I forvaltningsplanen vil DNT vere synonymt med lokalforeininga DNT Oslo og omegn.»

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Vettismorki ligg i såkalla brukssone i teig 11 – Heimre Utladalen – i Utladalen LVO.



«I den heimre delen av Utladalen, til og med Vettismorki- og Fleskedalenområdet, er det mange kulturminne og eit spesielt kulturlandskap som fortel om tidlegare bruk av området. Inn til Vetti gard er det bygd veg, -«Folkevegen». Årdal kommune har laga reglar for bruk av vegen. Området er godt tilrettelagt med stiar og bruer. På stien frå Vetti og inn til Vettisfossen, som er eit mykje nytta turmål, blir det kvart år gjennomført vedlikehaldsarbeid. Vetti gard er open for overnatting og servering om sommaren. På Avdalen gard og husmannsplassen Hagaberg er alle dei tidlegare bygningane sett i stand eller nybygde etter 1991. Avdalen gard vert driven som betjent hytte om sommaren, elles som ubetjent. Det er eit svært omfattande skjøtselsarbeid kring garden som også er gjennomført Sjølve vegen til Vetti, «Folkevegen», Vetti gard og kraftleidningane til Vetti og Avdalen fell inn under kategorien «sone med spesiell tilrettelegging og inngrep» (kap. 6.3.4.). - - -

Retningslinjer: Heimre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og nyare kulturminne. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen legg føringar for arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.

Naturmangfaldlova

Det ligg ikkje føre nokon konkret søknad, så saka er berre ei førebels vurdering av spørsmålet om etablering av ny sjølvbeteningshytte etter Ingjerdbu.

Presedens

Ei erstatningshytte på rutenettet for ei hytte som har gått ut av bruk blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens, da dette ikkje vil vera det same som eit heilt nytt stoppunkt som kan endre ferdselsmønsteret i høve til den etablerte bruken. På Avdal gard, innan same sonen, er det etablert ei enkel turisthytte med bruk av eksisterande/restaurerte bygg i kombinasjon med nybygg. På tomte til den tidlegare løa er det bygd overnattingshus med ytre fasade i stil med opphavlege bygg, og også fjøset har fått nytt innhald. Ny og endra bruk av Storeselet vil i grove trekk kunne samanliknast med det som er gjort på Avdalen.

Vurdering

Notatet frå DNT gjev grei informasjon som grunnlag for ei *foreløpig* drøftingssak i nasjonalparkstyret når det gjeld eventuell etablering av sjølbetjeningshytte på Vettismorkji.

Ingjerdbu var før eit overnattingsalternativ på ruta mellom Hjelle/Vetti og Skogadalsbøen, og ei etablering av eit nytt stoppunkt på Vettismorkji som erstatning for denne tidlegare sjølvbetjeningshytta vil gjera området meir tilgjengeleg for folk flest. Det å ta heile strekninga frå Skogadalsbøen og ned til Hjelle på ein dagsetappe er ein lang og krevjande tur. Erfarne fjellvandrarar kan fint gå ruta på ein dag, men for barnefamiliar og dei som ikkje er så spreke blir dagsetappen i lengste laget. Dette gjer at det sentrale rutenettet i Jotunheimen har vorte mindre tilgjengeleg frå innfallsporten i Årdal. Årdal har også tilgjengeleg tilbod om kollektivtransport, slik at det vil vera eit viktig start- eller stoppunkt for mange fotturistar.

Bruk av Storeselet som erstatning for Ingjerdbu kan vera ei god løysing på fleire måtar. Ein får gjenoppretta det tidlegare ferdselsmønsteret med høve til å dele ruta mellom Hjelle og Skogadalsbøen på to dagsetapper. Ved restaurering og bruk av eksisterande seterbygning kan tilrettelegginga bidra til å ta vare på bygningsmiljøet som er ein del av kulturlandskapet på Vettismorkji. Dersom Storeselet blir ståande ubrukt, kan det bli ståande til forfall. Ny og endra bruk av Storeselet vil i grove trekk kunne samanliknast med det som er gjort på Avdalen, men i mindre skala. Foreslått tilrettelegging blir vurdert å passe bra inn i det eksisterande bygningsmiljøet på Vettismorki.

Spørsmålet om uthus med toalett krev ei særskild vurdering da dette ikkje kan løysast innan eksisterande bygningsmasse. Oppføring av eit bygg på muren etter fjøset med grunnflate ca. 8 m x 4,5 m er kanskje løysinga som i størst grad gjev bygningsmiljøet det rette preget; føreset at bygningskroppen får same volum som det tidlegare fjøset og følgjer den tradisjonelle byggeskikken. Bygget vil vera større enn det ein normalt ville tilrå for å fylle ein uthusfunksjon, men samstundes vil det gje gode og funksjonelle løysingar for utedo, vedlager og hunderom. Det er også stort nok til å kunne fylle funksjonen som sikringsbu i tilfelle brann på hovudhytta. I den vidare planlegginga vil det vera viktig med tett dialog med kulturarveininga i Vestland fylkeskommune. Dersom dei ikkje tilrår eit nybygg på restane etter den gamle fjøsmuren, kan kanskje eit mindre uthus på 12-15 m² med liknande utforming som uthuset til andre selet vera ei grei løysing.

Det er ingen heimel i verneforskrifta for å etablere ein tilrettelagt teltplass, og det vil måtte vurderast etter den generelle heimelen og naturmangfaldlova § 48. Det kan og by på store driftsmessige utfordringar og moglegheit for auka trafikk og forsøpling, fordi folk truleg vil oppleve tilrettelegging som ein invitasjon til å oppsøke området og slå opp telt nær Storeselet. Det kan opplevast som framandelement i kulturlandskapet dersom ein får ei meir eller mindre fast ansamling av telt.

Ei tilrettelegging for telting blir ikkje vurdert å vera eit aktuelt tiltak å gje dispensasjon for når det ikkje skal vera i tilknytning til ei etablert bedrift med jamleg tilsyn av teltplassen (liknande teltinga ved dei betente hyttene).

Friluftsløva har regel om 150 m avstand frå hus eller hytte, og det er viktig å informere om både denne regelen og pliktene som inngår i Allemannsretten, og ikkje berre rettane.

Konklusjon:

Bevaring av Storeselet gjennom ny bruk blir vurdert som positivt, men det er for tidleg å ta konkret stilling til ein søknad før ein får ei bygningsvernfareleg vurdering frå fylkeskommunen. Det må arbeidast vidare med val av uthusløyising, og ein vil i samband med ein konkret søknad om ny sjølvbeteningshytte som erstatning for Ingjerdbu leggje stor vekt på synspunkta frå kulturarveininga i fylkeskommunen når det gjeld dei to ulike alternativa som er skissert for uthus og eventuelt hunderom.

Det blir ikkje tilrådd å legge opp til nokon fricampingplass med benker og liknande. Teltning i tilknytning til ei sjølvbeteningshytte er vanskeleg å følgje opp på lik linje med opplegget ein har ved dei betente hyttene. Det kan lett medføre meirbelastning på området, sjølv om intensjonen i utgangspunktet vil vera rydding.

| | | | | | |
|------------------|-------------|----------------|----------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2020/9273-2 | Saksbehandlar: | Eldrid Nedrelo | Dato: | 29.08.2020 |
|------------------|-------------|----------------|----------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 32/2020 | 08.09.2020 |

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Filming med drone på Vettismorki - Fabelaktiv AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova ! 48, fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Fabelaktiv AS v/Marte Mørkved-Romstad for bruk av drone til filming av elg på Vettismorki.

Ut frå ei økosystemtilnærming og vurdering av den samla belastninga (naturmangfaldlova § 10) meiner ein at tiltaket ikkje kan gjennomførast jf. føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9). Faren for presedens ved at tiltak som strengt tatt ikkje må gjennomførast innanfor verneområda bør søkast lagt til andre stader utanfor, er tillagt avgjerande vekt ved handsaming av saka. Dette medfører også at tiltaket det er søkt om her *ikkje* er eit «særleg tilfelle» som det kan gjevast løyve til etter naturmangfaldlova § 48.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Fabelaktiv AS om dispensasjon for dronofilming i Jotunheimen nasjonalpark og verneområdet Utladalen, datert 25.08.20.
- E-post frå nasjonalparkforvaltar til Fabelaktiv AS v/Marte Mørkved-Romstad av 28.08.20

Saksopplysningar

Forvaltar fekk telefon frå søkjar v/Marte Mørkved-Romstad med informasjon og varsling om søknaden måndag 24.08.20. Forvaltar stilte spørsmål ved om filming av elg kan skje utanfor verneområdet, og oppmoda søkjar om å vurdere alternative lokalitetar for filming med drone, evt. grunngjeving for kvifor det må gjennomførast på Vettismorki.

Fabelaktiv AS søkjer om løyve til å filme med drone på Vettismorki i Utladalen landskapsvernområde. Dei skriv følgjande i søknaden:

«Vi søker med dette om tillatelse til å gjøre filmopptak med drone i Utladalen i forbindelse med opptak av naturdokumentarserien «The Big 6» for ZDF.

TV-serien produseres av det tyske produksjonsselskapet Gebrueder Beetz, med Fabelaktiv AS som co-produsent og tilrettelegger i Norge.

Filmcrewet som er 3-4 personer skal gjøre opptak i området ved Vettismorki, i følge med, og etter forslag fra naturoppsyn Rigmor Solem, som guider og følger teamet under opptak i Jotunheimen.

Dette skal skje i perioden 19.-20. september 2020, nøyaktig tidspunkt er avhengig av vind og sikt. Det kan bli endringer på dato avh. av Covid-smitte i Europa.

Ta kontakt om noe er uklart eller spørsmål knyttet til søknaden.

*Vedlegg: Presentasjon av serien
Følggebrev fra producer Nadine Neumann
Kopi til: Nasjonalparkforvalter Eldrid Nedrelo
Naturoppsyn SNO Rigmor Solem*

*Med vennlig hilsen Fabelaktiv AS v/
Marte Mørkved-Romstad Tlf: 95062129»*

Av vedlegg til søknaden går det fram at føremålet med filminga er ledd i dokumentaren «Wilderness Europe – Super Animals», og at ein ynskjer å filme i Jotunheimen nasjonalpark for ein episode om den europeiske elgen og habitatet til arten. I serien ynskjer ein å formidle korleis dyra må takle klimaendringane og kva utfordringar dei møter i denne samanheng. Elgen vandrar t.d. lange avstandar for å nå kjølegare område om sommaren. For ikkje å forsstyrre dyra unødig vil dei nytte små kameradroner for å filme dyra ovanfrå, på avstand. Slik vil dei kunne vise dyra frå eit unikt perspektiv og forklare åtferda til dyra. Ein ynskjer å fokusere på kor viktig det er å beskytte habitatet til elgen og bevisstgjere publikum på behovet for å ta vare på vill natur i heile Europa.

Filmcrewet har god erfaring med naturfilming og har ofte hatt liknande oppdrag saman med naturoppsyn over heile verda. Ein syner til at mannskapet er kjend med vernereglane og dei garanterer at ein ikkje uroar dyra medan filminga pågår. Ein vil følgje rettleiing frå Rigmor Solem som vil vere med heile tida.

I serien vil dei presentere seks av dei største, mest sjeldne og raskaste dyra på kontinentet – eitt dyr eller ein familie i kvar episode. Kva er utfordringane deira i verda? Korleis verkar klimaendringane på dei, og korleis forsvarer dei habitatet sitt mot menneskeleg påverknad?

Kloden står for tida ovanfor den største utryddinga av artar sidan dinosaurane. Med serien ynskjer ein å trekke merksemda mot artar som er truga av utrydding på grunn av truslar mot leveområda deira – av menneske eller klimaendringar. Men det vil også vere rom for dei positive sidene som gjeninnføring av sjeldne artar.

Følgjande artar vil bli presentert i serien: «Burded» gribb, gråsel, bison, jerv, elg og gaupe.

I e-post av 28.08.20 til søkjar stiller forvaltar spørsmål ved om det er mogleg at filminga dels kan føregå med handhalde kamera i Utladalen/på Vettismorki, og at bruk av drone kan skje ein annan stad utanfor verneområdet:

Hei, vi viser til dykkar søknad om dispensasjon for bruk av drone på Vettismorki i samband med opptak av naturdokumentarserien «The Big 6» for ZDF, og til telefonsamtale den 25. august.

Vi har forståing for at Vettismorki kan vere ein fin stad for filming med drone. Samstundes ser vi at dette er ei sak som ikkje er beint fram i høve forvaltingspraksis for å kunne gi løyve. Det har vorte gitt løyve for filming til produksjon av naturfilmar tidlegare, men praksis er òg slik at dersom filminga kan skje utanfor verneområda, så skal ein søke å finne ein annan lokalitet for filming utanom verneområdet. Vi ser at filming i dette tilfellet både vil kunne formidle flott natur om nasjonalparken og om elgen, og ein vil kunne få fram den viktige funksjonen dei store verneområda kan ha for å gi større samanhengande leveområde for t.d. elgen. Men så er det også gode elgområde utanom Utladalen landskapsvernområde og andre verneområde. Vi stiller difor spørsmål ved om filminga dels kan føregå med handhalde kamera i Utladalen og at bruk av drone kan skje ein annan stad utanfor verneområdet? Ein finn elg t.d. fleire stader i nærleiken av både Jotunheimen og Breheimen, t.d. i Skjåk, men òg elles i landet.

Søknaden her er ikkje av kurant karakter som kan handsamast av forvaltar, så vi må evt. legge saka fram for nasjonalparkstyret i neste møte den 8. september.

*Vennleg helsing
Eldrid Nedrelo
Nasjonalparkforvaltar*

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert pr. 01.01.2020.

Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i landskapsvernområdet. Ein tolkar regelen slik at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak i verneforskrifta, og ein søknad om dispensasjon krev difor behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen må ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einkilde saka, og skjønn og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.


Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «- - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier til høgfell og artar knytte til desse.
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi då planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014. Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Soneinndelinga gjeld både i høve til tekniske inngrep og ulike aktivitetar, som bruk av dronar. Kartutsnittet nedanfor viser soneinndelinga i forvaltningsplanen, med grøne teigar som skjerma:



Tiltaket er planlagt innan brukssone, teig 11. Her er det opna for ein viss aktivitet og marknadsføring, så lenge ein tek omsyn til sårbare artar og andre verneverdiar.

Naturmangfaldlova

Alle tiltak skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing berast av tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar), jf. § 7.

Presedens

Dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket. Det er difor svært viktig å vurdere presedensverknaden nøye.

Prinsippet om likebehandling gjer at det kan vera vanskeleg å skilje mellom dei mange aktørane som ynskjer å filme innan verneområda. Dei siste åra er det handsama mange dronesøknader i Jotunheimen/Utladalen. Det er i tidlegare saker opna for avgrensa bruk av drone for nytteføremål, t.d. ulike typar dokumentasjon. Det er også gitt enkelte løyve med marknadsføring som formål i regi av reiselivsselskapa, og til nokon TV-program som formidlar friluftaktivitetar (NRK-Monsen på tur, TV2 – 71 grader nord, og Gutta på tur). Styret gav også eit særleg løyve til filming for artisten Alan Walker, ut frå den store internasjonale marknadsføringseffekten dette kanskje kunne få. I desse sakene er det lagt vekt på at dei aktuelle områda tåler marknadsføringa som dronefilmene bidreg til, og det er sett tydeleg skilje mellom dei sårbare grøne sonene og dei meir robuste områda vist med gult i forvaltingsplanen. I grøne soner er det ikkje ynskje med promotering som kan bidra til auka ferdsel, og her får dei aller fleste avslag. Også innan gule soner blir det gjort konkrete vurderingar knytt til verneverdiar, som for eksempel førekomst av rovfugl og villrein.

Vettismorki ligg i gul «brukssone, teig 11» der dronesøknader har vore innvilga. I desse tilfella har det vore vurdert at verken sjølve filminga med bestemte vilkår i løyvet, eller effekten av å

marknadsføre området ikkje vil kome i konflikt med vernet. Men også her er det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det utholar forbodet. Private turfilmar og reklamefilmar har fått avslag i alle soner. Etter forvaltingspraksis vert det ikkje gitt løyve til aktivitetar som kan gjennomførast utanom verneområda.

Å gi løyve til eit tiltak som like gjerne kan føregå utanom nasjonalparken, vil kunne skape uheldig presedens. Om det vert gjeve eit slikt løyve, vil det bli vanskeleg å skilje mellom dei «spesielle» tilfella (jf. naturmangfaldlova § 48) fram i tid. Elg er ein vanleg art i Noreg, og kan filmast utanom verneområda, også i høgfjellet her i landet. Dessutan er det ikkje fyrst og fremst elgen på Vettismorki som ein forbind med Utladalen landskapsvernområde, eller som er framheva i verneføremålet for landskapsvernområdet. Ein kan såleis ikkje sei at omsøkte tiltak er eit «særleg tilfelle» som det kan gjevast løyve til, jf. naturmangfaldlova § 48.

Vurdering

Det er positivt at produksjonen er planlagt utan bruk av motorisert transport, slik at søknaden er avgrensa til dronofilm og at naturoppsynet er med og guidar og følgjer filmteamet under filminga. På den andre sida har bruk av dronar vorte svært populært, og ein har etablert ein dispensasjonspraksis der dronebruk vert avgrensa til kartlegging/dokumentasjon og til tiltak med stor nytteverdi, eller som er av stor allmenn interesse. Ein er heller ikkje framand for å gi løyve til produksjonar som gir positiv marknadsføring av området, men ser samstundes at det er mange aktørar som ynskjer sitt område profilert. Kvar tiltak må difor vurderast nøye mot verneformål og påverknad på verneverdiane.

Søknader om naturfilming fell under kategorien dokumentasjon, og kan i einskilde tilfelle imøtekomast på visse vilkår når foremålet med filminga ikkje kan skje andre stader utan å miste verdien av innhaldet. I slike saker må ein m.a. vurdere om det er ønskeleg å trekkje fleire folk til det aktuelle området og om auka trafikk kan tenkjast å gå ut over verneverdiane. Det kan skape presedens om ein opnar for bruk av drone utan å ha ei konkret vurdering av effekt på verneverdiar, verneformål, og om det er i tråd med forvaltingspraksis osv.

Tiltaket må vurderast etter verneforskriftene for Utladalen landskapsvernområde § 4, Generelle dispensasjonsreglar, første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48. I Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, rettleiar frå Miljødirektoratet M106- 2014 står følgjande: *Det følger av forarbeidene til naturmangfoldloven at den generelle dispensasjonsbestemmelsen i § 48 ikke kan anvendes for å utvide den rammen som er trukket opp i vernevedtaket. Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.*»

Ein må først ta stilling til om vilkåra er oppfylt. Vilkåra føreset at tiltaket *ikkje er i strid med formålet med vernevedtaket og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.*

Ein kan knapt høyre ei elektrisk drone på litt avstand, så ut frå direkte støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare artar blir utsett for forstyrringar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, i verneforskrifta § 2, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*» i landskapsvernområdet, kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i eit urørt område. Sjølv om ikkje ferdsla i området er størst i midten av september bør ein likevel avgrense omfanget. Jo fleire dispensasjonar, jo oftare vil ein kunne oppleve forstyrring frå dronar når ein er på tur i områda.

For å ta vare på verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfaldlova § 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området, men ein manglar framleis erfaring når det gjeld bruk av dronar og eventuelle effektar av bruken på t.d. vilt. Vettismorki er prega av gamal furuskog og våtmarksområde med tilhøyrande artar, og området er avgrensa som nasjonalt viktig for biologisk mangfald. Det er generelt viktig å unngå nærføring til rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Tidspunktet for filming er utanom hekkesesongen, og det aktuelle området er ikkje brukt av villrein. Dersom ein held generelt god avstand til vilt, er sannsynet for unødig forstyrning av vilt liten (jf. naturmangfaldlova § 9), og ein kan ikkje sjå at bruken av drone i dette tilfellet vil påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig.

Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturverdiane, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Ved vurdering av samla belastning må både Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde sjåast i samanheng. Når det gjeld den aktuelle søknaden, er bruken av drone avgrensa i tid og rom, til den 19. – 20. september ved Vettismorki. Det er ikkje sagt kor lenge ein vil filme med drona om gongen og kor mange droner som skal nyttast. Ein ser at Vettismorki kan vere ein fin stad for dronofilming av elgen. Samstundes er dette ei sak som ikkje er beint fram i høve forvaltingspraksis.

Ein vurderer at filming i dette tilfellet både vil kunne formidle flott natur frå landskapsvernområdet og om elgen, samt leveområda til elgen, og ein vil kunne få fram den viktige funksjonen dei store verneområda kan ha for å gi større samanhengande leveområde for denne arten. Det har vorte gitt løyve for filming til produksjon av naturfilm tidlegare, men forvaltingspraksis er òg slik at dersom eit tiltak kan skje utanom verneområda, så skal ein søke å finne ein annan lokalitet for gjennomføring av tiltaket utanom verneområdet. Skilnaden sett i høve tidlegare gjevne løyve er at i dette tilfellet vil dronofilminga kunne gjennomførast utanom landskapsvernområdet, utan at det får konsekvensar for innhaldet i filmen, slik forvaltar vurderer saka. Det finst gode elgområde utanom Utladalen landskapsvernområde og andre verneområde. Ein meiner difor at filminga dels kan gjerast med handhalde kamera i Utladalen og at filming med drone kan gjennomførast ein annan stad utanfor verneområdet. Elgen har leveområde fleire stader i nærleiken av både Jotunheimen og Breheimen, t.d. i Lom, Vågå og Skjåk, men òg elles i landet.

Filmen har som nemnt heilt klart ein formidlingsverdi om elgen og leveområda til elgen. Samstundes vil eit evt. løyve ha presedensverknad ikkje berre for tilsvarande tiltak som filming med drone, men òg andre tiltak som gjerne kunne vore gjennomført ein ann stad enn akkurat innanfor verneområdet (jf. naturmangfaldlova § 10).

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og naturmangfaldlova §§ 11 og 12 blir difor ikkje vurdert nærare.

Ut frå ei økosystemtilnærming og vurdering av den samla belastninga (naturmangfaldlova § 10) meiner ein at tiltaket ikkje kan gjennomførast jf. føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9). Faren for presedens ved at tiltak som strengt tatt ikkje må gjennomførast innanfor verneområda bør søkast lagt til andre stader utanfor, er tillagt avgjerande vekt ved handsaming av saka. Såleis meiner Dette medfører også at tiltaket det er søkt om her *ikkje* er eit «særleg tilfelle» som det kan gjevast løyve til etter naturmangfaldlova § 48.

| | | | | | |
|------------------|-------------|----------------|----------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2020/9030-2 | Saksbehandlar: | Eldrid Nedrelo | Dato: | 26.08.2020 |
|------------------|-------------|----------------|----------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 33/2020 | 08.09.2020 |

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Oppsetting av skilt og merking av tursti - Årdal Turlag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 e) gjev Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Årdal Turlag løyve til å setje opp visningsskilt til Fremre Hjelledalen som vist i søknaden, og til å merke stien som tek av frå DNT-ruta retning Vettismorki til Fremre Hjelledalen (pkt. 2) frå Grønebekken (pkt. 1) (jf. kart vedlagt søknaden).

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Merkinga skal følgje «Merkehåndboka, tilrettelegging og synleggjøring av turruter, 2019», utgitt av Den Norske Turistforening, Innovasjon Norge og Friluftsrådernes Landsforbund.
- Ved rydding av traseen skal ikkje breidda på stien vere over 1,5 m.
- Det kan merkast med måling, men det skal gjerast slik at merkinga er reversibel. Dvs. at det ikkje kan merkast på jordfaste steinar eller store gamle tre.
- Det skal ikkje merkast på kulturminne (vardar utan kjent opphav, gravrøyser, bogastelle, tufter, dyregraver og liknande). Det er 5 meter sikringszone målt frå ytterkant av kulturminnet.
- Skiltet skal ikkje boltast fast i fjellet eller festast til kulturminne.
- Årdal Turlag har ansvar for vedlikehald av den merka stien og skiltet, og for å fjerne merkinga og skiltet dersom det vert aktuelt.
- Nasjonalparkstyret kan krevje at skilt/merking vert teke ned/fjerna eller flytta dersom ein finn at tiltaket går utover verneformålet.

Før tiltaket vert gjennomført, må merking og ansvar for vedlikehald av stien, oppsetting av skilt avklarast med grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Årdal Turlag om skilting og betre stimerking, Skredshaugdokka – Fremre Hjelledalen av 18.08.2020.
- E-postutveksling med Rigmor Solem, SNO, om kvaliteten på den umerka stien på strekinga Fremre Hjelledalen – Hjelle.

Saksopplysningar

Årdal Turlag har sendt følgjande søknad om skilting og betre stimerking, Skredshaugdokka – Fremre Hjelledalen:

Årdal Turlag har over flere år mottatt tilbakemeldinger om at det er dårlig stimerking i området der stien fra Sletterust/Mannsbergi (Tynområdet) kommer inn i Hjelledalen (sidedal i Utladalen).



Bilde 1: Kartutsnitt fra UT.no. Stien det er snakk om er «Slettingsbu til Ingjerdbu», mer spesifikt i den inntegnede ruten (se bilde 2).



Bilde 2: Mer detaljert utsnitt for området der stien «kommer inn» i Hjelledalen. 1: Utgang Skredshaugdokka, 2: Fremre Hjelledalen (fjellstøl), 3: Ved Øytjern.

Når man kommer fra Sletterust retning Hjelledalen er stien tydelig og greit merket fram til punkt 1. Herfra er det tydelig spor og merking videre mot punkt 3, men ikke 2. Tilbakemeldingene går generelt på manglende merking retning 2, men det som er mer alvorlig er at mange velger rute 1 – 3 uten å være klar over at det ikke er noen bro over Hjelledøla her (i motsetning til ved Fremre Hjelledalen). Denne elva er gjennom mesteparten av sesongen så stor at det medfører en risiko ved elvekryssing. Vi vet om tilfeller der personer er tatt av elven og ført med strømmen et stykke nedover. Det er et noe utfordrende terreng å følge elven nedover til Fremre Hjelledalen for brokryssing og at det derfor, når elven ikke bør/kan vades, anbefales å gå tilbake til punkt 1 for så å komme til punkt 2.

Årdal Turlag ønsker å sette opp skilt ved punkt 1 som viser retning til punkt 2 der det i parentes opplyses at det her er bro (skilt ihht. DNT standard). I tillegg vil vi med små varder, kratt/tre rydding og plassering av enkelte tre-stolper lage en trase mellom 1 og 2 som følger dagens stiplede sti på kartet.

Grunneier godkjenner tiltaket.
 For Årdal Turlag,
 Odd Einar Frosta
 E-post: odd.einar.frosta@hydro.com
 Mob: 97672030

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltingsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldende frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskapet som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. §§ 8-12.

Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høgfjell og artar knytte til desse.
- Særprega vassdragsnatur og landskapsformer.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde er m.a. oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. forbode, jf. § 3 pkt. 1.1, med unntak gjeve i pkt. 1.3. Forvaltingsmyndigheita kan etter søknad gi løyve til m.a. «*Merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpiler og kvisting av nye løyper*», jf. § 3 pkt. 1.3 bokstav e).


Forvaltningsplan (utkast frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument)

Om brukssona står det m.a. følgjande i utkastet til forvaltningsplan frå 2008 kap. 6.1: «*Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innafor eit planlagt rutenett..*»

Vidare er det i kap. 6.3.2. gitt følgjande overordna strategi for Brukssona: «*Overordna strategi for sona: Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.*»

Samstundes står det at: «Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningsliner og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Vettimorki ligg i såkalla brukssone i teig 11 – *Heimre Utladalen* – i Utladalen LVO.



Teig 11: Heimre Utladalen

Det aktuelle området søknaden gjeld i Hjelledalen er ikkje særleg omtala i planen under den aktuelle teigen, men følgjande retningsline gjeld for dette området også:

«Heimre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og nyare kulturminne. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen legg føringar for arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.»

Naturmangfaldlova

Alle tiltak skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing berast av tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar), jf. § 7.

Vurdering

Når ein går frå Mannsberg/Sletterust/Torolmen i retning Hjelledalen kan ein følgje DNT-merka sti fram til Grønebekken der ein kan gå ned Hjelledalen, eventuelt kan ein følgje DNT-ruta i retning Vettismorki og ta av i retning Hjelledalen i stikryss ved Øytjørn.

Frå dei nemnde stikryssa er stien umerka ned Hjelledalen, via Fremre Hjelledalen, Heimre Hjelledalen og til Hjelle. Av søknaden går det fram at dei umerka stiane er utydelege på strekningane mellom Fremre Hjelledalen- Grønebekken og Fremre Hjelledalen – Øytjørn fram til DNT-merka sti. Langs DNT-ruta mellom Grønebekken og Øytjørn må ein krysse Hjelledøla. Her er det ikkje bru, og ved stor vassføring i elva kan det vera svært utfordrande og utrygt å krysse Hjelledøla. Ved Fremre Hjelledalen er det derimot bru over Hjelledøla og ein kan krysse elva trygt.

Årdal Turlag søkjer om å:

- Setje opp eit skilt i stykrysset der stien går i retning Fremre Hjelledalen frå Grønebekken (merka punkt 1 i kart vedlagt søknaden). Skiltet skal syne retning til Fremre Hjelledalen (merka punkt 2 i kart) og skiltet skal også opplyse om at det er bru for kryssing av elva langs denne ruta i tråd med DNT standard.
- Rydde tre og kratt langs den umerka stien mellom Grønebekken (pkt. 1) og Fremre Hjelledalen (pkt. 2).
- Merke ruta mellom Grønebekken (pkt. 1) og Fremre Hjelledalen (pkt. 2) med små vardar og å setje opp einskilde tre-stolpar langs ruta.

Merking av stiar og oppsetting av skilt er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, men etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav e) kan det kan gjevast løyve til denne typen tiltak *dersom det ikkje strir mot verneformålet*. Hovudformålet med Utladalen landskapsvernområde er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark. Oppsetting av skilt og merking av nye stiar er i utgangspunktet forbode då det kan ha negative effektar på verneverdiane gjennom forstyrning og slitasje.

Naturverdiane i området er dokumentert m.a. gjennom arbeidet med forvaltingsplan, kartleggingar og mange års forvaltingspraksis (jf. naturmangfaldlova § 8). Det er ikkje kjend trua eller sårbare naturverdier i det aktuelle området eller kulturminne i stien, og det går ein umerka sti i området frå før. Merking av stien og oppsetting av visningsskilt kan føre til auka ferdsel langs ruta. Samstundes ligg det aktuelle området i brukssone, teig 11. I følgje forvaltingsplan er dette område som kan tola forsiktige tilretteleggingstiltak for det enkle friluftslivet, som merking av turstiar. Det står i overordna strategi for brukssona at «utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak som merkte stiar mm. i sona (vil berre bli vurdert i spesielle tilfelle). Ein meiner søknaden frå Årdal Turlag gjeld eit slikt tilfelle, av omsyn til sikkerheit for dei som ferdast etter stien, både når det gjeld å finne fram langs den umerka stien og kryssing av Hjelledøla. I følgje retningsline for teig 11 i forvaltingsplan skal tildlegare standard og utforming på tilretteleggingstiltak skal vere retningsgjevande. I følgje Statens naturoppsyn vert stien Hjelle – Heimre / Fremre Hjelledalen nytta av brukarane av sela og lokalbefolkninga året rundt, og traseen langs denne strekninga er såleis tydeleg og vedlikehalden.

Det er ikkje registrert trua / sårbare naturverdier eller kulturminne i den aktuelle traseen, og ein kan ikkje sjå at oppsetting av skilt og merking av stien vil ha påverknad slik at landskapet sin art og karakter vert endra vesentleg. Kunnskapen om området for å vurdere saka er god (naturmangfaldlova § 8) og førevar-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) vert difor ikkje vektlagt.

Eksisterande stiar og løyper kan haldast ved like og haldast opne utan særskild løyve frå nasjonalparkstyret. I forvaltningsplan er det presisert at omfanget av slikt vedlikehald ikkje må vere større enn tidlegare standard på stien. Det kan ryddast langs stiane dersom vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram, t.d. for tilkomst til stølar. Bortleing av vatn vert rekna som vedlikehald, så lenge det ikkje er snakk om å grave nye grøfter med maskin og legging av røyr osv. som endrar utsjånaden på stien.

Det er ei ynskt utvikling frå sentralt hald at dei unike naturområda som verneområda i Norge er, skal kunne opplevast av fleire, samstundes som vi skal ta vare på desse områda. Det er ikkje stort trykk av ferdsel etter stien frå hovudstien på stregninga Grønebekken (pkt. 1) til Fremre Hjelledalen (pkt. 2) i dag, men ferdsla kan auka ved meir informasjon om området. Ein er ikkje kjend med andre søknader om merking av stiar i Utladalen landskapsvernområde, og kan ikkje sjå at oppsetting av retningskilt og merking av den eksisterande strekninga mellom Grønebekken (pkt.1) og Fremre Hjelledalen (pkt. 2) vil føre til auka belastning på naturen i området (naturmangfaldlova § 10). Ein meiner tvert om at tiltaket vil vere positivt med tanke på tryggleik for dei som ferdast langs strekninga. Utforming av visningsskiltet og merking av stien skal følgje retningsliner gitt i «Merkehandboka» Handbok for tilrettelegging av turruter i fjellet, i skogen og langs kysten utgitt av DNT. Med dei vilkåra som er sett i løyvet (naturmangfaldlova §

12), kan ein ikkje sjå at tiltaket vil føre til nokon skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfaldlova § 11).

Ein er ikkje kjend med liknande tilfelle i Jotunheimen nasjonalpark eller Utladalen landskapsvernområde der denne saka kan skape presedens, og ein kan ikkje sjå at løyvet vil kunne bidra til ei gradvis forringing av verneverdiane i området.

Nasjonalparkforvaltaren har vurdert omsynet til verneverdiane i Utladalen landskapsvernområde, jf. verneforskrifta § 2, og meiner tiltaket kan gjennomførast med dei vilkåra som er sett i løyvet.

| | | | | | |
|------------------|---------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2019/19735-13 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 26.08.2020 |
|------------------|---------------|----------------|------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 34/2020 | 08.09.2020 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2020 - Status og omprioritering

Innstilling frå forvaltar

Ledige midlar frå stiltak som ikkje kan gjennomførast i år pga coronasituasjonen blir omdisponert til andre formål, i tråd med orientering og diskusjon i møtet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Nasjonalparkstyret, sak 9/2020, med tilhøyrande bakgrunnsdokument.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 9/2020 prioritering av tiltaksmidlane som vart løyvd til Jotunheimen og Utladalen for 2020. Ved behandling av saka i møte 18.03.2020 var ein allereie klar over at 2020-sesongen kunne bli annleis, og der var gjort ei slik vurdering:

«Coronasituasjonen gjer at ein kan risikere å mangle fagfolk til utføring av spesielle stiltak. Vanlegvis har arbeidet med muring vore utført av sherpaer frå Nepal. Prosjektet blir uansett lyst ut i samsvar med reglar for innkjøp i Staten. Forvaltarane vil planleggje for å vera budd på omprioritering av ressursar til alternative tiltak som ikkje kunne prioriterast innan løyvd ramme. Ein kan vurdere meir til informasjon/tilrettelegging, eller stiltak som kan utførast av andre (t.d. sikringstiltak på sti langs Gjende, kavlelegging av blaute parti, o.l.) Stiltak blir vurdert i samråd med SNO, som leiar av arbeidet med stiltak i Jotunheimen.»

Stiltak var sett opp med desse beløpa (grovt stipulert):

| Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. | 500.000 |
|---|---------|
| Kanaliserings/erosjonssikring på stig frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen | 200.000 |
| Kanaliserings og sikring av Besseggenstigen ved Bandet | 280.000 |
| Vedlikehald og mindre tiltak mot erosjon; m.a. stien mot Vettisfossen | 20.000 |

Dei to store stiltaka var lyst ut, med høve til å gje pris på eitt eller begge samla. Det kom inn berre eitt pristilbod: Stibbyggjaren AS (Geirr Vetti), som baserte arbeidet på bruk av sherpaer frå Nepal. Det tok lang tid før situasjonen for import av utanlands arbeidskraft til andre formål enn til landbruket vart avklara, men det var på seinsommaren opna for at personar frå Nepal kunne koma til Noreg, og med krav om karantene. Dette betydde at dei først kunne vera i funksjon i felt frå midten av september, og dette var for seint til å kunne starte opp såpass høgt til fjells. I samråd med Geirr Vetti vart tiltak med kanalisering og erosjonssikring på stig frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen teke ut for gjennomføring av andre, for å få utført arbeidet i år. Dette tiltaket krev ikkje spesialkompetanse på mulararbeid, og blir utført av Lom fjellstyre som tenestekjøp. Arbeidet er sett i gang etter oppdragssynfaring med Rigmor Solem i SNO.

Tiltak på Besseggenstigen må utsetjast, da denne tilrettelegginga krev spesialkompetanse på murarbeid. I tråd med føringane i sak 9/2020 kan ledige midlar omdisponerast til andre område med behov for tiltak i år. Vi har m.a. desse områda som krev reparasjon/vedlikehald

- Oppgradering av sikring på stigen over Bukkelægeret.
- Reparasjon av rekkverk over svaberg på stigen langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim
- Reparasjon av skader på anlegg/rekkverk ved Utkikkspunkt Sognefjellet. Ein del av rekkverket må skiftast ut til modell som kan demonterast før vinteren for å unngå skader i snørike vintrar.

Dei to større tiltaka på informasjon og tilrettelegging er i gang, og det blir nærare orientering om prosessane her i møtet:

- Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt tilrettelegging og sikring
- Fornyng av informasjonstavler Utladalen/Hjelle til nytt design

Skjøtselstiltaka forvalta av SNO Jotunheimen har gått som planlagt.

Vurdering

Jotunheimen er eit svært trafikert område med stort behov for informasjon og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader. Sjølv om vi ikkje får utført planlt stiltak ved bandet på Besseggen-stigen i år, er det fleire andre område å ta fatt på. Aktuelle tiltak:

- Reparasjon av stigen langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim er allereie utført på to punkt. Kostnad rundt 10.000
- Oppgradering av sikring på stigen over Bukkelægeret blir utført i haust, under leiing av fjelloppsynet i Lom. Det blir leigd inn ein klatrar med særleg kompetanse på sikring, som vil sjekke boltar og vaier og skifte ut det som er dårleg. ca. 20.000
- Demonterbart rekkverk langs gangbane på Sognefjellshytta, og enkle kanaliseringstiltak for å få opp att vegetasjonen på området: ca.100.000
- Noko usikkert kostnadsbilete på fundamentering av nye tavler ved parkeringa i Utladalen gjer at ein kan ha behov for ein liten reserve
- Andre tiltak, etter gjennomgang og diskusjon i styremøtet

Gjendestien – reparasjoner er utført i juli/august.



2019: Øydelagt rekkverk



2020: Oppretting og bolta gangbaner over svæet

I tillegg har Vågå fjellstyre utført tiltak på eit punkt der stien har rasa ut (enkel omlegging)



Sognefjellshytta:

1. Rekkverk øydelagt av snøen, som må reparerast og endrast til demonterbar løysing



2. Skisse for kanaliseringstiltak for å legge til rette for revegetering



- LÅGE STOLPAR MED VAIER MONTERAST LANGS GANGVEGANE FOR Å STYRE GANGTRAFIKKEN, DET HARDTRAKKA OMRÅDET INNTIL LØSNAST OG TILSETTAST LOKAL HUMUS OG PLANTEMATERIALE FOR REVEGETERING

ST 35/2020 Eventuelt